

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 22.08.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hans Stenby
SAKA GJELD: **Status for arbeid med regional utviklingsplan**
ARKIVSAK: 2018/661
STYRESAK: **084/18**
STYREMØTE: **05.09. 2018**

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav til utarbeiding av regionale og lokale utviklingsplanar. I føretaksmøtet 10.01.17 blei det vedtatt at arbeidet med utviklingsplanar skal ferdigstillast 31. desember 2018, slik at det ligg føre samla regionale planar som grunnlag for arbeidet med neste nasjonale helse- og sjukehusplan.

Helse Vest RHF følgde dette opp i styringsdokumenta til helseføretaka for 2017.

I styringsdokumenta til helseføretaka for 2017, pkt. 4.1; står det følgjande om utviklingsplanar:

Basert på nasjonal helse- og sjukehusplan og Helse2035 skal helseføretaka innan 30. juni 2018 utarbeide utviklingsplanar for verksemda . I arbeidet med utviklingsplan er det viktig å sikre god kommunikasjon med relevante aktørar. Det skal ligge føre ein kommunikasjonsplan, og arbeidet skal skje i tett dialog med kommunane og andre aktuelle aktørar. Det er behov for å sjå utviklingsplanane i både regional og nasjonal samanheng. Det er derfor viktig at alle helseføretaka nyttar felles metodikk for framskrivingar av kapasitetsbehov, jf. også punkt 4.2.6 om behovet for betre samordning av framskrivingar, og at framskrivingane har lik tidshorisont. Ved endring i akutfunksjonar og andre vesentlege endringar i tenestetilbodet, skal det gjennomførast ekstern kvalitetssikring for å sikre at prosessen er gjennomført i høve til rettleiaren.

Den vidare planen var at Helse Vest etter at helseføretaka hadde utarbeidd sine planar skulle laga ein regional utviklingsplan hausten 2018 med styrebehandling i desember 2018. Helseføretaka sine planar vil då vere viktige underlag og innspel til den regionale planen.

Denne framdriftsplanen blei lagt med bakgrunn i at:

- Helseføretaka skulle ha god tid til utarbeiding av sine planar og ikkje minst å forankre arbeidet lokalt med sine kommunar og andre interessentar.
- Helse Vest har nyleg revidert den overordna strategiplanen – Helse 2035

Den regionale planen må bygge på både dei lokale utviklingsplanane og Helse 2035. Sidan dei lokale planane både skulle utarbeidast i samarbeid med kommunane og til høyring m.a. i kommunane og Helse 2035 også har vore til høyring, blei det i den samla vurdering av tidsbruken ikkje vurdert naudsynt å legge inn tid til høyring av den regionale planen i framdriftsplanen.

Status er no at alle helseføretaka har hatt sine planar til høyring. Alle med unntak av Helse Bergen har styrebehandla sine planar innan fristen 30. juni 2018. Helse Bergen sin plan blir styrebehandla i første styremøte etter ferien.

Etter dialog med Helse- og omsorgsdepartement er det vurdert riktig likevel å sende den regionale planen på høyring. Det vil også vere i samsvar med praksis i dei andre helseregionane.

Revidert framdriftsplan

Det er på denne bakgrunn utarbeidd ein revidert framdriftsplan kor det blir satt av tid til høyring i m.a. kommunane. Det betyr at eit høyringsutkast må ligge føre tidleg i oktober 2018 med ein høyringsfrist fram til midten av november 2018. Deretter vil forslag til regional utviklingsplan for Helse Vest bli lagt fram til behandling i styret i desembermøtet.